

Referat Ungdomsrådsmøte 15.12

Desse møtte:

Bjarte Notland Tjensvoll (leiar), Eirik Nitter (nestleiar), Hannah Oliva Høgmo Breivik, Karan Abedi, Lina Eidet, Hannah Stokkenes-Jenkins, Thilde Brendeseter, Emilie Engseth Nyhammer, Marianne Steinsvåg Tollaksvik, Emma Lillian Fimland, Ingeborg Ervik Strand, Linnea Eiken, Sofie Westre Sjøvik

Ragnfrid Sønstabø (politisk fadder), Siv Linda Vespestad (politisk fadder), John Henrik Stavland Sæter (SLT-koordinator og ressursperson), Alf Helge Greaker (samfunnsplanleggjar og ressursperson), Yngvar Brekke (leiar digitaliseringsprosjektet – deltok på sak 4), Lene Borgen Waage (koordinator ungdomsrådet og referent)

Sak 1: Fordeling midlar ungdomsrådet

Ungdomsrådet diskuterte med utgangspunkt i saksframlegget (vedlegg 1). Representantane slutta seg til forslaget og meinte at fordelinga til alle elevråd var klokt. Tilskotet til kampanjen blir gitt via Mental helse Bømlo. Slik kan ein også kombinera tilskotet frå ungdomsrådet med evt. andre tilskot.

Vedtak

Bømlo ungdomsråd tildeler til saman 125 000,- fordelt på kampanje (15 000,-), tildelingar etter søknad (35 000,-) og tildelingar til elevråd som dei kan disponera etter godkjent budsjett (75 000,-).

Søkjjar	Tiltak	Tildeling
Bremnes ungdomsskule	Elevrådet budsjetterer	10000
Bømlo vidaregåande skule	Elevrådet budsjetterer	10000
Foldrøy skule	Elevrådet budsjetterer	5000
Gilje skule	Elevrådet budsjetterer	5000
Hillestveit skule	Elevrådet budsjetterer	10000
Meling skule	Elevrådet budsjetterer	5000
Moster skule	Elevrådet budsjetterer	10000
Rubbestadneset skule	Elevrådet budsjetterer	5000
Svortland skule	Elevrådet budsjetterer	10000
Våge skule	Elevrådet budsjetterer	5000
7.trinn Svortland skule	Deltaking First lego league	5000
Ten sing Bømlo	Podcast-utstyr	10000
Gullsmio ungdomsklubb	Mat	10000
Mental helse Bømlo	Verdsdagen for psykisk helse	10000
Mental helse Bømlo	Kampanje	15000
SUM		125000

Sak 2 Status arbeidsgrupper/prosjekt

Ungdomsrådet gikk gjennom kva som hadde skjedd, status og planen vidare for kvar av arbeidsgruppene. Utgangspunktet for diskusjonen var oversikta over organisering av ungdomsrådet 2022/23 med gjennomførte aktivitetar i **grønt**, planlagte/ønska i **blå**, aktivitetar over tid i svart:

Ungdomsrådet	Deltakarar frå ungdomsrådet (namnelista blir fylt ut etterkvart)	Kommunale ressurspersonar	Aktivitetar 2022/2023 Gjennomførte aktivitetar i grønt , planlagte/ønska i blå , aktivitetar over tid i svart
Leiar og nestleiar	Bjarte og Eirik	Lene	<ul style="list-style-type: none"> - Planlegging og oppfølging av ungdomsrådsmøte - Besøk/dialog med elevråd i kommunen (Hillestveit 7.11) - Deltaking ungdomsrådsseminar Sunnhordland 30.11 <p>Eirik og Marianne deltok frå ungdomsrådet i Bømlo. Fyrst ein presentasjonsrunde der ein også sa litt om kva ungdomsråda engasjerer seg i. Ein fekk presentasjon frå samarbeidsrådet for Sunnhordland, Rein Hardangerfjord og Bu i Sunnhordland. Vidare var det eit kort debattkurs og ein diskusjon om felles prosjekt på tvers av kommunane. Her peikte kollektivtransport seg ut. Det vil bli laga utkast til eit brev/lesarinnlegg som ungdomsråda kan velja å slutte seg til som avsender. Avslutningsvis diskuterte ein mogleg struktur for fellesmøte. Forslag er fysisk møte i samband med ungdommens fylkesting, digitalt møte med ordførarar og kommunedirektørar i juni og nytt fysisk møte hausten 2024.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Referansegruppe Vekst i havet (Bømlo næringsråd sitt program å vekkja unge i Bømlo si gründerinteresse (gründerspira) og tiltrekkja seg unge tilflyttarar (generasjon gira) – invitasjon til Nina? - Ungdommens fylkesting 2023 14.-16. april. Emilie har også delteke på nettverkssamling i november. - Bjarte har sendt oppsummering oppstartsseminar til politiske parti i Bømlo - Mosterseminaret ung og Mostratinget (arbeidsgruppe) – Det blir sett opp ei eiga arbeidsgruppe – Emma, Bjarte, Hannah SJ og Åsa deltek frå ungdomsrådet i denne.
Ungdomsråd styret	Moster (maks 3 stk) Hillestveit (maks 3 stk) Bremnes ungdomsskule (maks 3 stk)	Lene og John Henrik	<p>Møter 7.11, 15.12, 30.1, 20.2, 22.3, 24.4, 14.6 (møtedatoar i tråd med sak 2 15.12)</p> <ul style="list-style-type: none"> – fast sak om status for arbeidsgruppene - Fellesmøte med eldrerådet - Innspel til kommuneplanens arealdel, kommunedelplanar og andre kommunale planar på høyring/ i prosess

Ungdomsrådet	Deltakere fra ungdomsrådet (namnelista blir fylt ut etterkvart)	Kommunale ressurspersoner	Aktiviteter 2022/2023 Gjennomførte aktiviteter i grønt, planlagte/ønska i blå, aktiviteter over tid i svart
	Bømlo vidaregåande skule (maks 9 stk): Bjarte, Eirik, Hannah Oliva, Karan, Lina, Hannah, Thilde, Emilie Engseth, Marianne (SOME-ansvarleg) Vsk utanfor kommunen: Åsa		<ul style="list-style-type: none"> - Fordela midlar frå ungdomsrådet (jf. Sak 1 15/12) - Arrangera valdebattar (gjennom Mostratinget)
Møteplassar	Hannah Oliva, Emilie, Mats, Eirik, Thilde, June, Vetle, Ingeborg	Lene, Elisabeth G, Jørgen, saman med private og eksterne aktørar (++)	<ul style="list-style-type: none"> - Arbeidsgruppe bruk av Gamle BUS (Hannah O, Eirik og Mats) – Ventar på rapport om moglegheit for bruk og rehabilitera heile eller delar av eksisterande bygg. - Innspel til kommunale prosjekt - Møtepunkt med Ten sing, Bømlo makerspace, ungdomsloftet, Bømlo amcar ung, biblioteket, kyrkja, Gullsmio, Bømlo storsenter, Bømlo symjehall og Bømlo frivilligsentral 15.11 - Helg med opning av kulturneset for sommaren? Hannah O innkallar til møte for vidare arbeid med dette.
ALLEMED i fritidsaktivitetar	Mats, Selma, Lina, Eirik Aktivitetsdetektivane: Bjarte, Lagsiga, André og Ane	Marianne L og Lene	<ul style="list-style-type: none"> - Kjøpe-byttedag i samarbeid med idrettsrådet (planleggingsmøte gjennomført)- Innlevering av utstyr (ikkje kler) blir i dei ulike grendene i veka før byttedagen. Byttedagen blir i Bømløhallen. Det blir laga ei liste slik at alle som har levert inn får kupongar som fungerer som betaling. T.d. vil dei finaste tinga kosta 200,-, andre ting 100,- og 50,-. Dagen blir 11.februar. Evt overskot vil gå til frivillige lag og organisasjonar. - ALLEMED-ung-videoar (publisert: https://www.youtube.com/@allemed429) – Me spelte av alle videoane - Aktivitetsdetektivar – kampanje, materiell og deltaking for å gjera kjent ressursar for å få alle med - Film Ungdomsloftet (publisert: https://www.youtube.com/watch?v=UmeVsWyL4e4)

Ungdomsrådet	Deltakere fra ungdomsrådet (namnelista blir fylt ut etterkvart)	Kommunale ressurspersoner	Aktivitetar 2022/2023 Gjennomførte aktivitetar i grønt , planlagte/ønska i blå , aktivitetar over tid i svart
			- Deltaking nasjonal konferanse ALLEMED februar 2023 (Eirik, Mats, Selma, Lina og Lene deltek)
Kollektivtransport	Hannah, Tuva, Vetle, June, Emma Hannah O	Alf Helge	- Møte med skyss 16. januar 2023 - Innspel til prosess og innhald for temaplan for trafikksikring og mobilitet
Psykisk, seksuell helse og rus	Emilie, Karan, Tuva, Vetle, June, Emma, Lina, Ingeborg, Thilde	Øyvind, John Henrik og Marianne L	- Deltaking planlegging veke 6 - møte - Innspel til undervisningsopplegg rus - Planlegging og gjennomføring verdsdagen for psykisk helse - Kampanje (jf. Omtale vedlegg 1. I tillegg til at ein har søkt midlar frå ungdomsrådet, har ein også søkt midlar frå Mental helse Vestland) - Ingeborg og Thilde lagar tekst som ungdomsrådet sender Barne- og familietenesten
Trafikksikring : MC og bil	Marcus, Mats og Tor	John Henrik og Alf Helge	- Dialog med politikontakt 18.11 - Dialog med Bømlo motorsportklubb
Skule	Emma, Marianne	Kristine S	- Innspel til dei ulike skulane gjennom deira elevråd - Innspel ungdomsskulereform - Deltaking rektormøte desember 2022 - Innspel til nasjonale aktørar om fråversgrensa og eksamen – Marianne skal delta på nasjonal elevkonferanse, vil ta dette opp i eit seinare møte
Medforskarar	Tuva, Karina	Lene	- Oslomet: Umx (Tuva og Karina) - Vestland: Oppfølging barnefamiliepanelet (kan bli aktuelt)

Sak 3: Møteplan våren 2023

Etter diskusjon vart følgjande møtedatoar vedtekne:

- 1) 30.1
- 2) 20.2
- 3) 22.3
- 4) 24.4
- 5) 14.6

Sak 4: Innspel frå ungdomsrådet til digitaliseringsprosjektet

Yngvar Brekke innleia kort om digitaliseringsprosjektet. Ein gjennomførte så følgjande Menti:


Kva legg du i ordet digitalisering?



Kva betyr digitalisering i Bømlo kommune?



Har du nokon gong besøkt
www.bomlo.kommune.no?



Kva tenkjer du om kommunens nettsider:

- Litt rotete, synes det er vanskelege å finne fram av og til
- Litt vanskelig å finna fram
- Greie. Kanske litt gammeldags? Kan forbedrast, men er enkle og bruke.
- Veit ikkje så masse til dei. Lite informasjon.
- Dårlig videreføring av forrige nettside.

Mangler bømlopakke deler. Vil ha enklere måte å se HVER politisk parti i SELVE kommunen.

- Vanskelig å finne den informasjonen du vil ha, og når du finner det du skal står det lite informasjon. Heilt greit men rotete og lite info
- Veit ikkje bruker dei ikkje
- Heilt ok
- vanskelig og finna fram, mangen skuffet å opne
- "Veldig ""Kommuneside"". Meir freistande for ungdom, fargar, layout, LIV!
- (Ta inspirasjon frå ALLEMED.no :))"
- Greie og enkle
- Kunne verdt betre
- Føle den er for eldre over 40 og ikkje oss unge.
- Litt meir informasjon om ting
- Partiprogram
- Kan forbedrast
- Litt lite info

Kva tenkjer de skal til for at Bømlo Kommune kan levere enno betre tenester ved hjelp av digitale løysingar?

- Få hjelp frå dei unge slik at det ikkje blir ei nettside for dei vaksne
- Høyra på dei unge
- Bedre internett!!!!
- Ta inspirasjon fra andre populære nettsider.
- Har ingenting å kommentere Anna enn at det burde ver eldrekurs i mobil bruk - internett bruk
- Høyra på de unge sine meininger
- Betre internett på skulen
- Dekning
- Bruk Aktivitetsdetektivane:):)
- "Bedre nettside, LIV!
- Samla bruk av program for skulane i heile kommunen!"
- Fleire sosiale media kontoer
- Bedre internett
- At me får dekning på Moster skule
- Altså dei kan begynna å bruka some der dei kan meddele kva dei kan hjelpe med sånn at me kan forstå det betre
- Sette seg ned med ungdomsrådet og kommunestyre og legge fram ein plan og bli enige om ulike ting
- Opplys folk
- Høyre på ungdomar sine meininger

Sak 5: Førebygging møteplassar

Utsett til neste møte, grunna tidsmangel

Sak 6: Eventuelt

- a. *Det har blitt vanskelegare å få graviditetstestar/prevensjon frå helsesjukepleiarar. Kvifor?*

Ingeborg og Thilde skriv eit kort spørsmål som blir sendt til Barne- og familietenesta. Etter svaret vurderer ungdomsrådet om det er naudsynt med vidare arbeid.

- b. *Det er behov for overgangsfelt Meland*

Koordinator undersøker kva planar/prosessar som finns i området. Ettersom dette er på fylkesveg, er det krevjande å få gangfelt, men det kan vera aktuelt med tilrettelagt kryssingspunkt. I tillegg vil ungdomsrådet bli involvert i prosjekt kryssingspunkt og arbeid med temaplan for trafikkisikring og mobilitet.

Vedlegg 1

Forslag til vedtak

Bømlo ungdomsråd tildeler til saman 125 000,- fordelt på kampanje (15 000,-), tildelingar etter søknad (35 000,-) og tildelingar til elevråd som dei kan disponera etter godkjent budsjett (75 000,-).

Søkjjar	Tiltak	Tildeling
Bremnes ungdomsskule	Elevrådet budsjetterer	10000
Bømlo vidaregåande skule	Elevrådet budsjetterer	10000
Foldrøy skule	Elevrådet budsjetterer	5000
Gilje skule	Elevrådet budsjetterer	5000
Hillestveit skule	Elevrådet budsjetterer	10000
Meling skule	Elevrådet budsjetterer	5000
Moster skule	Elevrådet budsjetterer	10000
Rubbestadneset skule	Elevrådet budsjetterer	5000
Svortland skule	Elevrådet budsjetterer	10000
Våge skule	Elevrådet budsjetterer	5000
7.trinn Svortland skule	Deltaking First lego league	5000
Ten sing Bømlo	Podcast-utstyr	10000
Gullsmio ungdomsklubb	Mat	10000
Mental helse Bømlo	Verdsdagen for psykisk helse	10000
Bømlo ungdomsråd	Kampanje	15000
SUM		125000

Bakgrunn

I budsjettet for 2022 for Bømlo kommune går det fram at Bømlo ungdomsråd har 80 000,- for å dela ut til prosjekt av og for ungdom. I tillegg har ungdomsrådet fått 50 000,- ekstra for 2022, grunna at Bømlo kommune er del av eit prosjektet U+MxV om ungdomsmedverknad¹.

Våren 2022 tildelte Bømlo ungdomsråd 5 000,- til Ball ved Bremnes ungdomsskule. Det står derfor att 125 000,- til fordeling.

Bømlo ungdomsråd delte informasjon om ordninga på Instagram og Facebook. I tillegg fekk rektorar ved alle grunnskulane i Bømlo informasjon om moglegheita for å søkja.

Det kom inn åtte søknadar, i tillegg til tidlegare innkomne søknad frå Mental helse Bømlo knytt til verdsdagen for psykisk helse.

I ungdomsrådsmøte 07.11 diskuterte ungdomsrådet innkomne søknadar og la følgjande kriteria til grunn:

- Midlar skal vera til relevant sak som går til barn og unge
- Må vera til ei litt stor gruppe – heile ungdomsalderen
- Kan ikkje vera alkohol
- Presedens: Formålet bør ikkje vera slik at «alle» skulene/organisasjonane kjem med tilsvarande søknad seinare år. Dette inneber at søknadar der transport er hovudkostnaden ikkje bør få tildeling

Ungdomsrådet diskuterte vidare at dei ønskte å bruka midlar til ei kampanje, tilsvarande reflekskampanjen.

Det er svært positivt at så mange har søkt om midlar frå Bømlo ungdomsråd hausten 2023. Under følgjer ei vurdering av kvart av dei omsøkte tiltaka, med ei tilråding for tildeling.

¹ <https://prod01.elementscloud.no/publikum/Documents/ShowDmbHandlingDocument/35dcc491-8e78-470e-afc8-0db3f930a352/3956/CasesFremlegg>

Søknadane

Søklar	Tiltak	Omsøkt beløp
Elevrådet Hillestveit	Ping pong + sjakkbrett	9000
Elevrådet Rubbestadneset	Buss til Siggjo	12200
Elevrådet Meling	Zipline	50000
Løp for livet	Div arrangement	10000
7.trinn Svortland skule	Deltaking First lego league	5000
Ten sing Bømlo	Reise til Good night	8000
Ten sing Bømlo	Podcast-utstyr	10000
Gullsmio ungdomsklubb	Mat	10000

Søknadane er lagt ved i vedlegg 1.

Vurdering

Søklar	Tiltak	Omsøkt beløp
Elevrådet Hillestveit	Ping pong + sjakkbrett	9000
Elevrådet Rubbestadneset	Buss til Siggjo	12200
Elevrådet Meling	Zipline	50000
Løp for livet	Div arrangement	10000

Vurdering:

Desse søknadane er alle retta mot arrangement/utstyr som heile eller store delar av skulen får glede av. Me foreslår at elevråda ved *alle* skulane i Bømlo får tildelt ein sum som dei kan disponera. Kriteriet kan vera at pengane skal nyttast til fellesskapsfremjande tiltak ved skulen, enten ved kjøp av utstyr eller gjennomføring av alkoholfrie aktivitetar. Budsjett for bruk av midlane sendast ungdomsradet@bomlo.kommune.no innan 01.02. Elevrådet skal levera ein kort rapport om korleis pengane er brukt innan 01.05. Det blir gjort ei differensiering, slik at skular med mange trinn/mange elevar får 10000,-, medan mindre skular får 5000,- Fordelinga blir då slik:

Elevråd ved	Tilrådd beløp
Bremnes ungdomsskule	10000
Bømlo vidaregåande skule	10000
Foldrøy skule	5000
Gilje skule	5000
Hillestveit skule	10000
Meling skule	5000
Moster skule	10000
Rubbestadneset skule	5000
Svortland skule	10000
Våge skule	5000
Sum	75000

Søklar	Tiltak	Omsøkt beløp
7.trinn Svortland skule	Deltaking First lego league	5000

Vurdering:

Det var fyrste gong eit lag frå Bømlo var påmeldt denne konkurransen i haust. Bømlo makerspace (ståvo) er under etablering som lag og organisasjon og vil på sikt kunne dra nytte av utstyr og erfaringar som ein får gjennom denne deltakinga. **Me tilrår derfor tildeling av 5000,- til dette tiltaket.**

Søkjær	Tiltak	Omsøkt beløp
Ten sing Bømlo	Reise til Good night	8000
Ten sing Bømlo	Podcast-utstyr	10000
<p>Vurdering: Ten sing Bømlo er eit av dei største ungdomstilboda i Bømlo. Podcast-utstyr vil gi eit endå breiare tilbod til ungdomsgruppa. Me tilrår derfor tildeling av 10000,- til podcastutstyr. Moglegvis kan ungdomsrådet også oppmoda Ten sing Bømlo til å invitera til open dag for å visa korleis utstyret verkar. Reiser til arrangement/cupar/leirar er ein stor utgiftspost for lag og organisasjonar. Me tilrår ikkje tildeling til reise til Good night, fordi det ikkje vil vera mogleg for ungdomsrådet å komma med tilsvarande støtte til andre lag og organisasjonar.</p>		
Søkjær	Tiltak	Omsøkt beløp
Gullsmio ungdomsklubb	Mat	10000
<p>Vurdering: Gullsmio tok kontakt med ungdomsrådet våren 2022 med spørsmål om det var eit ønskje å laga eit tilbod og korleis ein burde utforma dette. I tråd med dialogen har ein hatt eit gratis tilbod til 8.-10. trinn kvar måndag. Det er ikkje kostnadar til leige eller tilsette, men reine meirkostnadar for mat det blir søkt om. Me tilrår derfor tildeling av 10000,- til tiltaket.</p>		
Søkjær	Tiltak	Omsøkt beløp
Mental helse Bømlo	Verdsdagen for psykisk helse	10000
<p>Vurdering: Verdsdagen for psykisk helse har lange tradisjonar i Bømlo. Det er svært positivt at ein får til eit arrangement som alle elevar på ungdomsskular og vidaregåande skular får ta del i. Ungdomsrådet har også i 2022 delteke aktivt i planlegginga av Verdsdagen for psykisk helse. Bjarte Tjensvoll Notland har delteke i planleggingsgruppa og ungdommane har spelt inn kven dei ønskte skulle vera føredragshaldar. Mental helse Bømlo har søkt om støtte på 10000,- for gjennomføring av arrangementet. Dette er del av eit samla budsjett, med støttespelarar frå lag og organisasjonar og næringsliv i kommunen. Me tilrår derfor tildeling av 10000,- til tiltaket.</p>		

Kampanje

Ungdomsrådsrepresentantane Emilie Engseth Nyhammer og Bjarte Tjensvoll Notland har etter ungdomsrådsmøte 7.11 utdjupa kampanjen med følgjande:

«Me har lyst til og nytta noko av ungdomsrådet sine midlar til ein ny kampanje som omfattar psykisk helse à la refleks kampanjen i fjor. Sånn som før tenkjer me å ha ein film/video kampanje med tre premier.

Dei tre beste filmene som vert sendt inn bedømmast på:

- Mest budskapsgevande som omfattar temaet (Løft blikket, me treng kvarandre)
- Mest Kreativitet.
- Mest inkluderande.

Som før kan pengane gå til gruppa, klasse, organisasjon, russegruppa, men ikkje enkeltpersonar.

Me kunne godt også tenkje oss at me besøkte ulike ungdomsskular, informerte om denne konkuransen, samt høyre med dei om forventingar til veke 6.»

Vurdering

I 2021/22 gjennomførte Bømlo ungdomsråd reflekskampanje i samarbeid med Finnås kraftlag. Dette ga merksemd til temaet og god profilering av ungdomsrådet. Basert på erfaringane frå denne kampanjen rår kommunedirektøren til at ungdomsrådet gjennomfører kampanje om psykisk helse

med konkurranse der dei tre beste filmene innan følgjande kategoriar blir premierte (premiesum i parantes):

- Mest budskapsgevande som omfattar temaet (Løft blikket, me treng kvarandre) (5000,-)
- Mest Kreativitet (5000,-)
- Mest inkluderande (5000,-)

Pengane skal gå til gruppe, klasse, organisasjon, russegrupper, men ikkje enkeltpersonar.

Ungdomsrådet bør setja ned ein jury som kårar vinnarane. Deltakarane i denne juryen kan ikkje sjølv høyre til ei gruppe som mottok premie.

Vedlegg: Søknadar

Hillestveit skule

Hei!

Elevrådet på Hillestveit skule søker det dette om støtte på kr 8000 til innkjøp av eit pingpongbord som dei kan ha nede i gangen i fellesarealet på ungdomstrinnet og støtte på kr 1000 til innkjøp av sjakk Brett.

På vegne av elevrådet

Hanne Fosstveit

Rubbestadneset skule

SØKNAD OM STØTTE TIL ARRANGEMENT

Elevrådet ved Rubbestadneset skule ynskjer å arrangera trur til Siggjo for 4.5.6. og 7. klasse til våren.

Fysisk aktivitet er viktig, og me trur at mange elevar ikkje har prøvd turen til Siggjo etter at trappene kom. Ein slik tur kan kanskje bidra til at fleire får lyst til å bruka Siggjo som turmål. Det er og mogeleg å leggja inn læringsaktivitetar undervegs. Det er mykje spanande historie knytt til Siggjo. Kanskje kunne me fått til eit samarbeid med Steinrike Bømlø? Me ser og for oss at me kan laga mat på Siggjo.

I tillegg kan ein slik tur vera med å skapa samhald i og mellom klassane og på den måten vera eit miljøskapande tiltak.

For å få til ein slik tur, treng me busstransport. Dette er ein stor kostnad for skulen, og det er lite truleg at turen kan bli gjennomført utan at me får støtte til transport.

Difor søker me om støtt til transport. Me treng to bussar. Me har henta inn tilbod frå ulike busselskap. Det ser ut for at me kan få to bussar for 12.200,- kr

Mvh

Elevrådet ved Rubbestadneset skule v/

Nathalia A Steinsbø

Leiar elevrådet ved Rubbestadneset skule

Meling skule

Hei!

Elevrådet på Meling skule har i saman med Meling Krinslag eit ynksje om ein zip-line på skulens område.

Vi søker herved om 50.000,- i støtte til dette.

Ver merksam på at all dialog på e-post som er arkiverdig etter arkivlova vil bli registrert i vår offentlege postjournal.

Med helsing

Meling skule

Katrine Hausberg

rektor

Løp for livet

Hei!

Vi i Løp for livet vil gjerne søke om aktivitetsmidler hos dykk. Dette er ein aksjon som russen ved Bømlø Vidaregåande skule engasjerer seg i, der ein då samler inn penger til Kreftforeningen.

Løp for livet komiteen blei denne hausten danna for 34. året på rad. Dette gjer at vi satsar breiare enn nokon gong for og verkeleg slå eit slag for kreftforeninga og deira uvurderlige arbeid. I den

anledning skal vi ha mange aktiviteter gjennom året for å samle inn penger. Eitt av dei største arrangementa vi skal stelle istand er eit ball, samt andre som nattcup og konsert, som vi da vil søke støtte om på 10 000,- . Dette vil bli brukt på låning av lokale, kiosk og evt. andre kostnader vi får når vi held desse kjekke arrangementene for både unge og vaksne.

Tusen takk på forhånd, vi er veldig takknemlige uansett hva vi får:)

Mvh,

Løp for livet

[7. trinn Svortland skule – deltaking i First lego league 2022](#)

Søknad om støtte til deltaking i First Lego League 2022

Me på 7 trinn på Svortland skule skal bli med på ein konkurranse som heiter First Lego League.

Me er den første skulen på Bømlo som er med i lego league. Det er ein internasjonale teknologikonkurranse der temaet er «**super power**». Me skal programmere, dekorere og bygga robotar.

Den første konkurransen er på Karmøy 12. november og vist me kjem vidare, skal me konkurrere i Oslo.

For å delta har me ein del utgifter me treng pengar til:

- Transport
- Mat/drikker
- Støtte til drivstoff
- Uniform t-skjorter
- Konkurransbord
- Deltakaravgift
- utstyr

Me lurer på om ungdomsrådet vil støtte oss med 5000 kroner. Me treng pengar til transport, mat/drikke, utstyr og t-skjorter med trykk. Sjå vedlagte budsjett. I tillegg til innovasjon er inkludering og samarbeid veldig viktig i denne konkurransen og me håper difor de vil sponsa oss slik at alle elevane på trinnet kan få delta på konkurransen.

Me håpar og trur dette vil bli ein årleg tradisjon på Svortland skule, og at mange barn og unge kan få glede og ny interesse av teknologi og programmering.

Med håp om positivt svar!

Beste helsing elevane på 7. trinn ved Svortland skule

[Tensing: Reise til Karmøy – Good night](#)

Søknad om støtte til aktivitet REISE TIL KARMØY – GOOD NIGHT

Fakta om TenSing Bømlo

Ten Sing Bømlo ble starta opp i januar 2011 og har vågst til å bli et av Norges største ungdomskor

med for tida 178 aktive medlemmer og me pleier å være ca 90 til 120 på samlingane kvar onsdag frå alle bygdene på Bømlo.

Aktiviteten er mye meir enn eit kor. – det er ein viktig låg terskel samlingsplass for ungdom frå heile Bømlo. Det har i tillegg til kor aktiviteter som styrearbeid, band, media, dans, teknikk/lyd/lys, minikor SportY, Drama og nå PodCast gruppe. Det har medlemmer i alderen 13 til 20 år. Koret styres av ungdommane sjølve og styret består av valde representantar og gruppeleiare. Vårt motto er «Vær deg sjølv – stå opp for andre». Arbeidsmetode er ungt ansvar og vakse nærvær

Kva me søker om:

I haust så planlegger me å reise til GOOD NIGHT arrangementet i HåvikHallen på karmøy. Me ynskjer at dette skal være eit tilbod der flest mogeleg skal kunne være med.

Arrangementet begynner med en konsert der korene og deltar.

Vidare så er det volleyball og dodgeball turnering der ein kan melda på lag, sumo bryting, ungdomskafe og andre aktivitetar. Ein møter ungdom frå heile haugalandet. Når me kjem tilbake til ungdomsheimen i 01:30 tida på natta så overnattar me der og har tilbod om å sjå disney film for dei som ikkje ynskjer å sova.

Deltakeravgift er 50 kr + busstur. Me ynskjer å sette prisen til maks 200 kr slik at flest mogleg har råd å dra.

Me pleier å leiga 2 bussar for å få alle med og dette koster ca 20.000 kr. viss me får med ca 80 ungdommar så vil me ha eit underskot på 8000 kr. Me søker om støtte til dette.

Med venleg helsing Styret i Ten Sing Bømlo

[Tensing: Podcast for ungdom i Bømlo](#)

Søknad om støtte til aktivitet. PODCAST for ungdom på Bømlo

Fakta om TenSing Bømlo

Ten Sing Bømlo ble starta opp i januar 2011 og har vågst til å bli et av Norges største ungdomskor

med for tida 178 aktive medlemmer og me pleier å være ca 90 til 120 på samlingane kvar onsdag frå alle bygdene på Bømlo.

Aktiviteten er mye meir enn eit kor. – det er ein viktig låg terskel samlingsplass for ungdom frå heile Bømlo. Det har i tillegg til kor aktiviteter som styrearbeid, band, media, dans, teknikk/lyd/lys, minikor SportY, Drama og nå PodCast gruppe. Det har medlemmer i alderen 13 til 20 år. Koret styres av ungdommane sjølve og styret består av valde representantar og gruppeleiare. Vårt motto er «Vær deg sjølv – stå opp for andre». Arbeidsmetode er ungt ansvar og vakse nærvær.

Økonomien har gjennom covid tiden fått seg ein real trøkk, men me har klart å reise på to festivaler og fleire ledertreningskurs – samtidig som me har kjøpt noko utstyr.

Kva me søker om:

I haust så har me starta opp med PodCast aktivitet og har nærmare 15 ungdommar på denne gruppa. Her er en allereie i gang med å lage podcaster. Desse skal ta for seg det som opptar ungdom på Bømlo og me håpar på å kunne publisere fleire podcaster kvar månad.

Me planlegg å kjøpe inn podcast utstyr (brukt) til 10.000 kr og søker med dette om støtte til dette.

Med venleg helsing Styret i Ten Sing Bømlo

[Gullsmio](#)

Gullsmio ungdomsklubb søker om 10 000 kr til mat og brettspel. Me bruker ca 2000 kr på mat i mnd. Ungdomane handlar og lagar maten sjølv.

--

Venleg helsing / Best regards

Astrid Farestveit Gane

Eigar/Gullsmid

Gullsmio A/S

Storevarden 3
5430 Bremnes
Tlf. 48406205

